



Organisert Beitebruk

Investeringsiltak i beiteområde

Ulike typer investeringstiltak i samband med beitefelt

Rettleiing ved planlegging

Innhold

1.	SPERREGJERDE	1
1.1.	GENERELT GRUNNLAG	1
1.2.	VAL AV GJERDETYPE	2
1.3.	GJERDETYPAR	2
1.4.	KOSTNADER	4
2.	GRINDER OG KLYV	5
2.1.	GENERELT	5
2.2.	TYPAR AV GRINDER OG KLYV	5
3.	FERISTER	7
3.1.	GENERELT	7
3.2.	TYPAR AV FERISTER	8
4.	BRUER	9
4.1.	GENERELT	9
4.2.	TYPAR AV BRUER	9
5.	GJETARHYTTET	11
5.1.	GENERELT	11
6.	SAMLE- OG SKILJEANLEGG	12
6.1.	GENERELT	12
6.2.	SAMLEKVE	12
6.3.	SKILJEKVE	12
6.4.	DRIVGANG	13
6.5.	LANDGANG OG LASTERAMPE	14
6.6.	TAKOVERBYGG	14
6.7.	BINGE FOR FRAMANDE DYR	14
6.8.	KVEER FOR STORFE	14
6.9.	KVEER FOR BEGGE DYRESLAG	14
6.10.	FLYTTBARE KVEER	15
6.11.	MATERIALVAL OG DIMENSJONAR	15
7.	SANKEFELLER FOR SAU	16
7.1.	GENERELT	16
7.2.	SANKEFELLA SOM SALTEPLASS	16
7.3.	ULIKE TYPAR AV SANKEFELLE	17
7.4.	INNGANG TIL SANKEFELLA	17

7.5.	LUKKEMEKANISME I SANKEFELLA	18
8.	SALTEPLASS.....	19
8.1.	GENERELT	19
8.2.	SALTSTEINAUTOMAT.....	19
9.	DIVERSE INVESTERINGAR	20
9.1.	RYDDING/UTBETRING AV DRIFTEVEGAR.....	20
9.2.	KØYREVEG	20
9.3.	FØRINGSPRAM/-BÅT	20
9.4.	SAMBANDSUTSTYR OG SIKRINGSRADIO	20
9.5.	INFORMASJONSMATERIALE OG PLAKATAR TIL OPPSLAG I BEITEFELT.....	20

TEIKNINGAR

I tillegg til omtale av dei ulike tiltaka, er det arbeidd ut standardteikningar og prinsippkisser som kan nyttast direkte eller som grunnlag for eigne teikningar.

Kontakt FM-Landbruksavdelinga i fylket eller NSG.

1. SPERREGJERDE

1.1. GENERELT GRUNNLAG

1.1.1. GJERDEPLIKT

Til dei aller fleste bruk her i landet ligg det ein beiterett og ei gjerdeplikt, som er fastsett og definert i utskiftingar, skjøte m.m. Trass i dette, er det mange som ikkje held sine gjerde i orden. Dette er eit av hovudproblema for beitebrukarar



i utmark i dag, og i blant oppstår det tvistar som krev ei løysing. Den instans som har størst moglegheit til å kunne finne fram til ei praktisk løysing i slike saker, er utan tvil Jordskifteretten. Eit problem i denne samanheng kan vera at det kan ta noko tid før slike saker er fullført, sjølv om dette varierer noko mellom type saker og ulike jordskiftedistrikt.

I utgangspunktet skal altså den som har gjerdeplikt stå for oppsetting og vedlikehald av sitt utmarksgjerde. For å kunne finne fram til minnelege og raske løysingar, må det i visse høve gjerast unntak frå denne regelen. Eit døme på dette kan vera område med fråflytta bruk. Det er i alle tilfelle viktig at ein finn fram til langsiktige løysingar for så store beiteområde som mogeleg.

I samband med omlegging av vegtraséar, utbygging av bustadfelt, industriområde osv. i beiteområde, bør ein sette krav om at utbyggjaren skal ta alle kostnader med heile sperregjerdet eller delar av det. Det same gjeld framtidig vedlikehald. For å få til dette, er det heilt avgjerande at ein kjem inn så tidleg som mogeleg i utbyggingsprosessen, dvs. i planfasen. Det er derfor viktig at laga, kommunen og fylkesmannen - landbruksavdelinga er merksame på dette, slik at det i samband med eventuelle framtidige planar om omdisponeringar av beiteområde blir sett krav om at utbyggjaren skal ha gjerdeplikta.

I samband med fritak for bu- og driveplikt på slike eigedomar, bør kommunen sette som krav at gjerdeplikta skal oppretthaldast og at utmarksbeita skal kunne nyttast av beitebrukarane i området.

1.1.2. AVTALE

Det må gjerast avtale med grunneigaren om å få setja opp gjerde, der eventuelle grunder og overgangar blir fastlagde. Det bør òg vera med eit punkt i avtala vedrørande varsel om nedtaking av gjerdet i samband med ein eventuell hogst o.l. i området. Avtala må gjelde for minst 10 år. Det er utarbeidd ei standardavtale til bruk i denne samanheng, sjå denne.

1.1.3. DEFINISJON AV SPERREGJERDE

Eit sperregjerde er eit gjerde som skal hindre beitedyra i å kome inn i område der dei av ulike årsaker ikkje skal vera. Berre i unntakstilfelle bør det gjevast tilskott til reine inngjerdingar. Eit slikt tilfelle kan vera såkalla karantenekveer til bruk for "oppbevaring" av dyr som er kome ut av sitt beiteområde, og som derfor skal rett på slakteriet om hausten. Inngjerding av vêrhamningar derimot er ei oppgåve for dyreeigarane.

1.1.4. VAL AV GJERDETRASÉ

Det er viktig at gjerdelengda blir så stutt som mogeleg. Rette strekk er det beste i så måte, men det er i blant nødvendig å ta omsyn til eigedomsgrensar og krav eller ønskjer frå ulike rettshavarar/brukargrupper i området. Svært ulendt terreng kan vera ein annan grunn da dette fører til meirarbeid ved oppsetting og vedlikehald. I mange tilfelle fins det òg naturlege gjerde som vassdrag og fjell eller eksisterande gjerde som ein bør gjera seg nytte av.

Det vil vera ein stor fordel om ein har høve til å rydde og jamne ut traséen. På den måten sparar ein mykje tid ved oppsetting og vedlikehald gjennom enklare transport, ved å kunne nytte maskiner til å sette ned stolpane, strekke gjerdet m.m.. Gjerdet blir òg meir funksjonelt ved at ein da lettare kan jamne ut dumper som dyra kan nytte om dei prøver å passere.

Myr har vore sett på som lite egna som grunn for eit gjerde da stolpane hadde ein lei tendens til å forsvinne ned i myra. Nå har ein funne løysinga på dette ved å lage flåtar som held stolpane oppe. I og med at det er svært raskt å sette opp gjerde på myr fordi det er lett å få ned stolpane og som oftast lite som trengs ryddast vekk av kratt eller jamnast ut, kan det vera aktuelt å legge traséen der. Ein annan fordel er at det som oftast er lite press frå dyra på gjerdet når det står på myr.

1.1.5. AVGRENSINGA AV GJERDET

Avgreninga av gjerdet er avgjerande for effektiviteten av gjerdet. Ein bør unngå å avslutte gjerdet utan ei sikker avgrening, da det som oftast berre er snakk om tid før dyra finn ut om så ikkje er tilfelle.

Eit problem for mange er at gjerdet endar i ei elv, eit vatn eller i sjøen. Her kan dyra lett få vanen med å symja eller gå rundt. Ei løysing kan vera å forlenge gjerdet utover ved å sette opp netting på høge stolpar som står i botnen eller stolpar som er sett på små flyteelement med forankring i botnen.

1.2. VAL AV GJERDETYPE

I praksis blir det nytta gjerde av mange ulike typar, så som netting, elektrisk, skigard, vertikale spildrer, liggande bord m.m. Det er her viktig å hugse på kva gjerdelova seier om gjerde til husdyr:

«Eit landbruksgjerde skal vera 1,10 m høgt og så sterkt og tett at det fredar mot hest, naut og sau.»

Når det gjeld elektrisk gjerde, kan ei høgde på 80 cm vera eit fullverdig gjerde.

1.3. GJERDETYPAR

Gjennom Organisert beitebruk er det gjeve tilskot til nettinggjerde og permanent elektrisk gjerde. Ved val mellom desse typane er det mange moment som skal vurderas.

1.3.1. NETTINGGJERDE

Eit slikt gjerde med materialar av topp kvalitet, som er riktig oppsett og står på god grunn kan, under føresetnad av jamnt tilsyn og vedlikehald, stå i mange år. Det stengjer effektivt ute alle dyreslag, store som små.

Det bør nyttast overtråd, spesielt i snørike område, når det går storfe eller hest i området og når det fins mykje å eta på andre sida av gjerdet som t.d. ved innmark. Kjøttfe synest her å vera i ei særstilling. Kostnadane med oppsetting av nettinggjerde er vesentleg dyrare enn elektriske gjerde.

Nettinggjerde skal bestå av netting, stolpar og overtråd eller bord på toppen.

Netting

Netting bør vera av typen utmarksgjerde eller anna med tilsvarande styrke. Ved val av 6-kantnetting, bør ein òg velja beste kvalitet. Netting av lågare kvalitet er billigare ved innkjøp, men erfaringar viser at levetida er vesentleg kortare slik at kostnaden per år kan bli langt høgare.

Stolpar

Stolpar skal vera impregnerte eller eventuelt eikeadel eller jern. Dimensjon bør vurderast etter behov (snøforhold, type dyr m.m.), men bør ikkje vera under 6 cm toppmål. Halvkløvingar kan nyttast, men da helst berre som annankvar da dei har lett for legge seg over mot den sida som er flat.

Avstand mellom stolpane bør ikkje vera over 1,75 meter for å gjera gjerdet så stivt og motstandsdyktig som mogeleg. På myr må det lagast flåtar ved kvar stolpe for å hindre at dei blir pressa ned av snøen om vinteren. Ein slik flåte består av ein impregnert bordstubb på 30-40 cm som blir lagt flatt på kvar side av stolpen. Oppå desse, på kryss og ståande på kant inn mot stolpen, spikrar ein fast to tilsvarande bord. Ein må her spikre både i stolpen og ned i bordet under.

Overtråd/bord

Overbordet treng ikkje vera av impregnert materiale. Bruk av overtråd eller overbord er svært viktig for levetida på gjerdet, spesielt der det beiter storfe eller er mye snø. Der ein på grunn av mye snø eller andre årsaker legg ned nettingen om vinteren, er dette sjølvsagt uaktuelt.

Avstiving

Det må nyttast skråband/avstiving av impregnert materiale i hjørne, ved grunder og le m.m.

1.3.2. ELEKTRISK GJERDE

Slike gjerdetypar kan nyttast til alle dyreslag. To til fem trådar er vanleg, færrest for dei store og fleire for dei små dyreslaga.

Enkelte bruker òg berre to trådar til småfe. Ein føresetnad for dette er at dyra er vande med elektrisk gjerde før dei blir sleppte i utmarka, slik at dei har respekt for det. Elektriske gjerde er vesentleg billigare enn nettinggjerde, men krev meir av dagleg ettersyn, spesielt med tanke på strøm.

Av elektrisk gjerde er det berre permanente typar som det har vore gjeve tilskott til, enten som fabrikkferdige typar eller sett saman av gjerdehaldaren ut frå behovet i kvart tilfelle, gjerne med impregnerte stolpar, isolatorar og strengar.

Stolpar/strekkstolpar/avstandshaldarar

Desse skal vera av impregnert materiale eller anna tremateriale som ikkje trekkjer vatn.

Avstanden mellom stolpane vil variere etter korleis terrenget ser ut med tanke på å halde ein

jamn avstand mellom bakken og den første tråden for å hindre kryping. Også her vil det være ein fordel å jamne ut traséen.

Tal trådar

Kan variere etter korleis forholda er på staden, kva slags dyr ein ønskjer å stengja ute og kor vande dyra er med elektriske gjerde. Til vanleg blir det nytta to til fire trådar.

Materiale i tråden

Tråden må vera av metall, minimum 3 mm.

Straumkjelde

Det bør så langt det er råd nyttast tilkopling til strømnettet. Bruk av batteri og solcelle er meir usikkert ved at det krev meir tilsyn, men kan vera akseptabelt, spesielt nær veg.

Jording

God jording er heilt avgjerande for å få den nødvendige spenninga på straumen i gjerdet. Det bør nyttast jordingsspyd av koppar, gjerne fleire. Dette må avpassast etter lengde på gjerde, jordart m.m.

1.4. KOSTNADER

Vanleg nettinggjerde

Kostar frå kr 70-120,- (2012) pr. løpemeteter avhengig av type netting, terreng, behov for rydding, transport osv.

Elektrisk gjerde


Kostar kr 30-70,- (2012) pr. meter oppsett. Dette vil kunne variere ein del etter tal trådar, dimensjon på stolpar, behov for grunnarbeid i form av boring, jamning m.m., transport.

2. GRINDER OG KLYV

2.1. GENERELT

Grinder og klyv skal bidra til å sikre fri ferdsel på tvers av gjerdet. På same tid hindrar ein unødig slitasje i form av kliving.

Desse finst i ulike variantar, frå dei heilt enkle klyva til større grinder.



2.1.1. OMFANG OG PLASSERING

Det bør vera tilstrekkelige kryssingspunkt over gjerde. Dette er mellom anna viktig for annan bruk av området og forhindrar unødig slitasje på gjerde. I dei fleste tilfella representerer desse tiltaka heller ikkje dei store kostnadane. Likevel bør det ikkje lagast fleire kryssingspunkt enn det som er strengt nødvendig da desse kan representere svake punkt i gjerdet.

Ved oppsetting av nye gjerde, bør ein ta kontakt med andre aktuelle brukargrupper for å få høyre kva ønskjer og behov dei har i denne samanheng. Da vil ein òg få kartlagd kvar dei meiner kryssingspunkta skal vera. På den måten vil tiltaka bli meir målretta på same tid som ein kan håpe på at brukargruppene oppfattar desse som sine og brukar dei deretter.

2.1.2. MATERIALAR

Alle trematerialane må vera impregnerte.

2.2. TYPAR AV GRINDER OG KLYV

2.2.1. GJERDETRAPP

Finst i mange ulike variantar. Det aller enklaste består av ein avskoren stolpe, 50 cm høg, på kvar side av gjerdet, 50 cm frå gjerdet. Ein gjennomgåande planke blir spikra fast på toppen av desse to stolpane. Til å stø seg på når ein kliv over gjerdet, nyttar ein seg av ein staur som blir sett ned på midten, dvs. inntil gjerdet.

I ein meir avansert variant av same slaget nyttar ein seg av fleire trinn, alt etter kor spreke dei som skal over er. Dersom ein vil unngå alle hinder, må det øvste trinnet gå over den øvste tråden. På den måten blir dette meir som ei trapp. Dersom ein lager denne brei, trengs det kanskje ikkje rekkverk. Om ein føler behov for dette, kan ein bruke staur som omtala framfor eller lage eit rekkverk.

Desse to variantane høver best i nettinggjerde med store masker, i gjerde laga av liggande bord eller elektrisk gjerde da ein her nyttar seg av gjennomgåande plankar. For å få det så stødig som mogeleg, kan det vera lurt å feste plankane til stolpar som står i gjerdet.

I område med småfe og spesielt geit, bør trapp ikkje nyttast ettersom det viser seg at dyra lett tek seg over gjerdet på desse.

2.2.2. STIGE

Den enklaste stigevarianten er klatrestigen. Dette er rett og slett ein stige på kvar side av gjerdet. Det aller enklaste er å sette to stolpar i gjerdet med ein avstand på 60-70 cm og spikre klatretrinna direkte på desse.

Klatrestige av rundstokk og/eller skurlast består enkelt forklart av to stigar som er reist

mot kvarande over gjerdet. I botnen er stolpane grave/staura ned i jorda, oppe er dei skrudd saman i eit kryssingspunkt 70 cm under toppen. Dermed har ein noko å halde seg i når ein er på det høgste punktet. For å gjera dette enda betre, kan ein sette på eit tverrtre som rekkverk på toppen.

I ein annan variant av same slaget er stolpane i botnen festa til ei ramme forankra i jorda med pålar. Oppe er stolpane skrudd saman heilt på toppen. 80 cm nedanfor er det ei plattform som trinna i stigane på kvar side går opp til. Dette saman med stolpane gjer at det blir lettare å snu seg før ein klatrar ned att på andre sida.

2.2.3. SLUSER

Sluser nyttas dersom det er behov for ei løysing med kryssing av gjerdet på bakkeplan.

Den enklaste varianten består av ei V-forma trakt på eine enden av gjerdet. Fortsettinga på gjerdet startar 50-60 cm frå botnen av V-en. Det er her viktig at vinkelen blir så spiss og opninga så trong av dyra ikkje klarer å kome seg gjennom. Denne løysinga bør ikkje nyttast der det går lam og kje.

I område med lam og kje er sluse med grind eit godt alternativ. I staden for eit fast gjerde inn mot V-en, er det satt i ei grind som slår mot ytterkantane i opninga. For å kome gjennom må ein stille seg i botnen på V-en og føre grinda frå eine ytterkanten i V-en til den andre før ein passerar. Ein viktig detalj her er at grinda bør vera skeivt hengsla slik at ho kviler mot ein av armene i V-en, helst den som peiker inn mot beiteområdet. På den måten oppfattar dyra dette som eit tett gjerde som ikkje inviterer til å prøve og ta seg gjennom.

2.2.4. GRIND OG PORT

Dersom det er behov for å passere gjerdet med køyretøy, hestevogn eller anna som krev ein opning med ei større breidde, er grind og port aktuelt. Alt frå enkle le festa med ståltråd til stolpane og til hengsla grinder, heile eller delte kan nyttast. Der det er stor trafikk av gåande i tillegg til køyretøy, kan det vera praktisk å ha både ei lita og ei stor grind ved sida av kvarande.

I elektriske gjerde kan vanlege grinder nyttast, men da må straumen først forbi i kabel. Det fins òg straumførande ”grinder” i form av tre til fire lange horisontale fjører. I praksis synes ikkje alle å oppfatte desse som like enkle å handtere, og det tek også lengre tid å kome gjennom. Slike løysingar bør derfor ikkje nyttast i område med stor trafikk.

Eit problem med grinder er at dei ofte ikkje blir lukka, spesielt gjeld dette i køyreveg. Dette kan løysast ved å utstyre dei med sjølvluukkande mekanismar (fjørbelasta m.m.). Det finst òg portar som kan køyrast gjennom med bil utan at føraren må gå ut.

Også ridande kan oppfatte grinder som eit problem ved at dei må gå av hesten. Dette kan enkelt løysast ved at ein lagar stenderen i den enden av grinda der stengemekanismen er festa så lang at kroken kan nåast frå hesteryggen.

Det kan vera lurt å feste eit skilt på grinda der det blir opplyst om at dette er eit beiteområde og at ein derfor ber om at dei passerande lukker grinda etter seg.

3. FERISTER

Det bør berre nyttast ferister av godkjend fabrikat eller som er bygd etter standardteikningar.



3.1. GENERELT

3.1.1. PLASSERING

Ei ferist bør leggjast i så flatt terreng som mogeleg.

Dette er viktig for å redusere slitasjen på ferista og trafikkfaren ved evt. nedbremsing.

For elektriske ferister kjem det i tillegg at ved terrenghelling kan vatn føre grus og jord ut på rista, slik at det oppstår kortslutning og straumbrot.

3.1.2. OMKØYRINGSGRIND

Ved sida av ei ferist skal finnast ei grind til bruk for gåande, syklande, ridande og andre.

Derfor bør ikkje ferister leggjast på ei bru, men kan sjølvsagt leggjast i nærleiken for å oppnå effekten av elva som avgrensing. Grinda bør vera sjølvluukkande og kan ved behov vera utforma slik at ein kan opne og lukke ho utan å gå av hesteryggen.

På mindre vegar der det er plass til det, kan det vera ei løysing å lage to parallelle traséar, ein med rist og ein utan med ei felles grind hengsla på ein stolpe mellom dei. Om vinteren stengjer ein for ferista, om sommaren for den vanlege vegen. På den måten unngår ein innkjøp av vinterplate for å dekke til ferista, samt eventuelle problem i samband med brøyting.

3.1.3. GJERDETILSLUTNING

Som oftast er det gjerde knytta til ferista, på den eine eller på båe sider. For å unngå opphoping av dyr framfor ferista og dermed faren for å få dyr skremt over med dei skader og meirarbeid dette kan føre til, er det viktig å vinkle gjerdet slik at det ikkje spisser inn mot rista og leier beitedyra dit.

3.1.4. AVTALE

Lag som skal leggja ned ei ferist, må inngå avtale med grunneigar der plassering, ansvar for skader, vedlikehald etc. er klarlagt. Det er utarbeidd ei standardavtale til bruk i denne samanheng.

3.1.5. ANSVAR

I ein veg som er open for allmenn ferdsel, er eigar av ferista ansvarleg for alle skader som oppstår dersom dette skuldast feil ved rista. Landbruksforsikring dekkjer hos ein del forsikringsselskap skader som oppstår i samband med rista. Eit lag som skal stå som eigar bør vera forsikra mot skader som måtte oppstå i samband med rista.

3.2. TYPAR AV FERISTER

3.2.1. VANLEG FERIST

Berre dei som er bygd av galvaniserte røyr er akseptable. Rister av tre eller jernbaneskinner kan ikkje godkjennast pga. stor slitasje og at dyra -spesielt geit - lett tek seg over rister med plan flate på toppen av rillene.

Sjølve rista må ligge på toppen av ei grav laga av betong eller stål. Bruk av stålfundament eignar seg spesielt godt der ein har lausmasse i grunnen. Nedsettinga blir effektiv på denne måten. Tilrådd minimumsdjupne er 40-50 cm målt frå toppen av rista.

Spesielt om geit: Dersom ferista skal stenge for geit, er det ikkje sikkert at ei vanleg rist er nok. Ei løysing kan vera å bore mange hol på toppen av eitt av røyra i rista, plugge att eine enden og sette på trykkvatn i den andre. Dermed får ein danna ein vegg av vatn som geita ikkje passerar, men som til dømes bilar greit kan køyre gjennom.

3.2.2. ELEKTRISK FERIST

Elektriske ferister er tekne i bruk med godt resultat.

Det er viktig å sikre at elektriske ferister blir godt forankra til underlaget. Ved fast dekke bør ferista skruast fast til eit fundament som ligg i oppfresa spor i dekket. På grusveg må ferista festast til ein 2"x4" eller 4"x4" på sidene som så blir forankra til underlaget ved hjelp av pålar/stolpar/jern. Ferista har låg vekt (50-60 kg), er lett å montere/demontere og kan derfor takast inn mellom beitesesongane.

3.2.3. KOSTNAD

Vanleg ferist med ferdig stålfundament, 2x6 meter og dimensjonert for 10 tonn akseltrykk vil i dag koste omtrent kr 60.000,- (2012). I tillegg kommer vinterdeksel på omtrent kr 19.000,- (2012). Ferister klargjort for betongfundament kostar omtrent kr 30.000,- (2012). I tilfelle der betongfundament blir nytta og medlemene i laget har høve til å gjere det meste av arbeidet sjølv, vil dei faktiske økonomiske utlegga for laget bli vesentleg lågare.

Elektrisk ferist kostar kr 3.950 + mva (2012) pr. løpemetar på asfalt og kr 3.400 + mva på grusvegar. I tillegg kjem gjerdeapparatet og arbeid med oppsetting.

4. BRUER

4.1. GENERELT

4.1.1. DIMENSJONERING

Korleis brua skal utformast og dimensjonert, vil vera påverka av mange ulike moment; kor brei elva er, kan det byggjast brukar ute i elva, skal ho brukast til køyring med bil og traktor, kva slags beitedyr som skal nytte brua, snømengd, faren for flaum og isgang m.m.

Brua skal ikkje vera breiare og sterkare enn det som det er behov for i samband med føring av beitedyr. Dersom det blir bygd ei bru som er dimensjonert for t.d. køyring med traktor og bil utan at det er behov for dette i samband med beitebruken, bør kostnadsoverslaget reduserast til det ei gangbru kostar.

Tremateriala skal vera impregnerte. På teikningane er det ikkje oppgitt dimensjonar på berebjelkar, rundtømmer, maksimal spennlengde, wire, forankring i fjell m.m. Årsaka til det er at behova i denne samanheng vil kunne variere svært med snømengd m.m. Følgjeleg må dette utarbeidast i kvar enkelt sak.

4.1.2. GRIND I TILKNYTING TIL BRU

I enkelte tilfelle ligg brua i grensa av beiteområdet, og det vil derfor vera behov for grind. Denne må ligge på den enden som er i beiteområdet og slå vekk frå brua. Dessutan bør grinda ha ei automatisk lukkemekanisme, eventuelt vera hengsla skeivt, slik at ho går på plass av seg sjølv. Ved behov kan ein sette inn ei grind i kvar ende av brua, slik at ein får ei lita sankekve.

4.1.3. LEIEGJERDE INN MOT BRU

Bruer som skal passerast med flokkar av dyr ved driving ved slepping eller sanking, bør ha gjerde som leier dyra inn på brua. Spesielt gjeld dette ved bruer med stor høgde over vatnet eller ved sterk straum i elva.

4.1.4. ANSVAR

Det fører med seg eit ansvar å bygge ei bru som alle kan nytte. Spesielt gjeld dette bru i køyreveggar. Landbruksforsikring dekkjer hos ein del forsikringsselskap skader som oppstår i samband med brua.

Eit lag som skal stå som eigar bør vera forsikra mot skader som måtte oppstå i samband med rista.

4.1.5. AVTALE

Det må gjerast avtale med grunneigar om anlegg og vedlikehald.

4.2. TYPAR AV BRUER

Det som det til vanleg er behov for, er klopper eller enkle bruer. Desse består av to til tre bjelkar med dekke oppå, enten fastspikra eller som lemmar.

Er det høgt ned til vassflata, kan det vera behov for rekkverk, fast eller som kan takast



av, utan eller med vegg (netting eller to til tre langsgåande bord).

Er terrenget slik at det er fare for at vårflaumen kan gå over brua eller at snøen legg seg i store mengder der brua står, bør dekke og rekkverk fjernast etter beitesesongen. Bjelkane kan eventuelt også dragast på land.

Dersom flaum og isgang utgjer ei fare, bør ein sikre seg ved ei skikkeleg forankring i eit brukar eller i fjell/stor stein. Skjer dette årleg med stor kraft, kan ein for å unngå at bjelkane blir sundbrotne forankre dei berre i eine enden medan den andre ligg laus. Dermed er ein sikra at dei ikkje blir øydelagde eller blir ført vekk på same tid som det er lett å få dei på plass att. Ei anna løysing er å sette opp ei lettbru av aluminium, som ein lett kan trekkje heil på land. Ei tårnbru kan òg vera eit alternativ i slike tilfelle ved at ein med denne varianten får heva dekket på midten. Dermed blir ho mindre utsett for flaum og isgang.

Over breie elver der det er vanskeleg eller umogleg å sette opp brukar uti elva, kan hengjebru vera eit alternativ. Dekke er vanlegvis av tre. Når fleire dyr går over desse på same tid, vil dei begynne å svinge. Dyra går derfor vanlegvis ikkje frivillig utpå desse, og må dermed drivast. Slike bruer passer dårleg for storfe.

5. GJETARHYTTER

5.1. GENERELT

Behovet for hytta og kostnaden i forhold til nytta for beitelaget må vurderast nøye da dette er ei betydeleg investering som vil kunne ha innverknad på økonomi og anna verksemd i laget i mange år framover. I kostnadsoverslaget skal berre veggfast innbu takast med.

For å få ei best mogleg utnytting av ei så vidt stor investering som ei hytte er, kan beitelaget søkje samarbeid med andre interessentar i området; fjellstyre, grunneigarlag, jakt- og fiskeforeiningar, idrettslag, turistforeiningar eller private. I slike tilfelle må det lagast og leggjast ved søknaden ei avtale vedrørende eigarforholdet, bruken av hytta, fordelinga av byggekostnadane, forsikringar m.m. Ei eventuell fordeling av byggekostnadane bør da gå fram av finansieringsplanen.

Hugs! Godkjenning frå vedkommande kommune.

5.1.1. AVTALE

Det må ligge føre avtale med grunneigar om sal eller leige av grunn. Leigeavtale skal vera gjeldande for minst 10 år. Det bør gå fram av avtala kva som skal skje med hytta når avtala går ut, eller når laget eventuelt blir oppløyst. Skal ny eigar overta innan 20 år, må det skje etter takst eller ut frå nypris med verdinedskriving over 20 år. Det same gjeld ved sameige. Skal eit nytt beitelag inn i området, bør dette gjennom avtala vera sikra forkjøpsretten på hytta. Det er utarbeidd ei standardavtale til bruk i denne samanheng.



6. SAMLE- OG SKILJEANLEGG

6.1. GENERELT

Dette er ei type investering som så godt som alle beitelag treng. Ved planlegging og bygging av slike, vurder: tal dyr, tal eigarar, dyreslag, plassering i forhold til køyreveg, kor spreidd dyra går, storleik på beiteområdet, om skal ein bygge ei stor eller fleire små osv.



Omtalen er hovudsakleg retta mot sau, det som gjeld storfe er nemnt spesielt.

6.1.1. AREALKRAV

Ein reknar eit arealbehov i bingane på 0,5 m² pr. småfe, 1,5 m² pr. storfe.

6.1.2. AVTALE

Det må ligge føre avtale mellom beitelaget og grunneigar om leige av grunnen. Avtalen må gjerast gjeldande for minst 10 år. Det bør òg gå fram av avtalen korleis kvea skal disponerast dersom drifta opphøyrer.

6.2. SAMLEKVE

Til dei aller fleste skiljeanlegg høyrer ei samlekve, der dyra blir samla og får roa seg ned før skiljinga tek til. Hugs nok mat og vatn til dyra for den tida dei blir ståande der!

Gjerdet i ei permanent samlekve bør bestå av vanleg nettinggjerde med bord eller tråd på toppen. Inngangen frå samlekvea til skiljedelen bør formast som ei trakt. Enkelte nyttar òg ein innslusingsbinge i forkant av skiljedelen, slik at ein alltid har neste gruppe med dyr klar. På den måten blir arbeidet med å jage inn dyra og skiljinga meir effektiv.

Ved mindre skiljekveer er det ofte ikkje behov for ei eigen samlekve. Her nyttar ein difor berre permanente eller provisoriske ledegjerde inn mot skiljegangen.

6.3. SKILJEKVE

6.3.1. SKILJEGANG I MIDTEN/ BREI GANG

Dette er den mest brukte typen; gang i midten og eigarbingar på den eine eller baa sider. Skiljegangen er her 2-2,5 meter brei. Mannskapet operer gjerne på den måten at dei driv ei passande mengd dyr inn i gangen, plukkar ut eitt og eitt dyr etter merke og puttar dei inn i riktig eigarbinge. Nokre sørgjer for at dyra blir lette å få tak i ved å avgrense den delen av gangen der dyra står, gjerne med lausgrinder tilpassa breidda på gangen, slik at arbeidet med skiljinga blir så enkel som mogleg.

6.3.2. SKILJEGANG I MIDTEN/ SMAL GANG

Denne er mindre brukt, men er svært effektiv. Frå samlekvea blir dyra drive inn i ein traktforma binge som ender i ei smal sorteringsrenne, eventuelt med ei vekt i. Her blir kvart dyr identifisert og vege, før det blir sleppt vidare ut i midtgangen. Den er her berre 0,6 m brei,

slik at dyret ikkje får snudd seg. Ved kvar bingje står det ein person som ut frå meldinga han får frå sorteringsrenna og det han ser av merket på dyret kan opna riktig grind. I slike tilfelle bør grinda vera hengsla, slik at ho slår sidelengs ut i gangen og stengjer av.

Over sorteringsrenna, spesielt om det er plassert ei vekt der slik at noteringar skal gjerast, er det ofte bygd eit enkelt tak eller eit hus.

6.3.3. KARUSELL

Denne typen har kome meir i bruk, og er sagt å vera svært effektiv. Skiljedelen er her rund/6-kanta/8-kanta, og ligg i sentrum av kvea. Ut frå denne går bingane som dermed får kakestykkeform. Den smalaste enden av dette inn mot kvea, må vera minimum 0,8 m. Dyra blir drivne inn frå samlekvea gjennom ein gang fram til sentrum. Dersom dyra skal vegast, må gangen ikkje vera breiare enn 0,6 m.

I midten av skiljekvea kan det plasserast ein stolpe der det blir hengsla på to grinder som kan nyttast til å avgrense rommet ettersom det blir færre dyr og for å få dei lettare inn i rett bingje. Også ved denne typen kan ein lage ein drivgang på utsida, men ein kan og lage ein som går parallelt med inndrivingsgangen eller ein kan nytte inndrivingsgangen. Dersom ein har ein stolpe med frittgåande grinder på i sentrum, kan ein faktisk drive skiljing på same tid som dyr kan passere gjennom skiljedelen på veg ut. Eit problem med karusellmodellen er at det er avgrensa moglegheiter for å auke tal bingar.

6.3.4. BINGEOPNING

For å få dyra inn i bingane, må det vera ei opning. Av desse finst det fleire variantar:

Heveport

Dette er ei luke som går i eit vertikalt spor og som må lyftast opp. Ho må ikkje vera for tung, vassfast kryssfiner er eit alternativ. Handtaket som blir nytta ved opning av luka, er rett og slett eit hol i nedre og/eller eit i øvre del av plata. I botnen må det vera ein stoppar som sikrar at ein ikkje klemmer fingrane.

Skyveport

Denne luka går sidelengs i grinda. Handtaket nytta til opning og lukking er eit utsaga spor i eine stenderen.

Slagport

Dette er ei vanleg sidehengsla grind med ei glideslå som stengjemekanisme. Til storfe er det berre denne typa som er aktuell, enten med krok eller med ein ring av tau eller ståltråd til å stengje med.

6.4. DRIVGANG

Dersom det er mest praktisk å starte heimkøyinga av dyr før skiljinga er ferdig, til dømes ved lang transportveg eller om kapasiteten i bingane ikkje er stor nok, kan det vera aktuelt å byggje ein eigen drivegang på utsida av bingane ut til rampa. Breidde 1,5-2,0 meter.

6.5. LANDGANG OG LASTERAMPE

Til vanleg er det nok med ein lasterampe for kvar kve, men dette må sjølvsagt tilpassast behovet. Det kan vera aktuelt med to ulike, ein for traktortilhengjarar og ein for lastebil. Men for å unngå dette, kan ein landgang for å utlikne høgdeforskjellen på desse transportmidla vera ei løysing. Sjølve rampa kan vera mur av naturstein, betong eller vera bygd av impregnert tre.

6.6. TAKOVERBYGG

Dei fleste kveer står oppe og ute heile året. Men nokre lag tek dei ned att kvar haust, og enkelte har da funne det føremålsteneleg å lagre desse under tak i form av eit enkelt stolpehus eller skur. Dette er sett opp på ein plass i kvea der ein har mest bruk for tak, gjerne der ein veg dyra. Dei som ikkje tek ned grindene etter bruk, kan også ha behov for eit enkelt skur til oppbevaring av materialar, reiskap og anna, eller for å kunne ta seg ei pause og få i seg mat når veret ikkje er det aller beste.

6.7. BINGE FOR FRAMANDE DYR

Ofte vil det følgja med nokre få dyr frå naboområda. Der dette vanleg førekjem bør det lagast ein eigen bingje til desse.

6.8. KVEER FOR STORFE

Ei skiljekve for storfe vil delvis måtte møte andre behov enn ei for sau, ikkje minst grunna storleiken på dyra. Derfor må ein nytte kraftigare materialar, utforminga av skiljedelen og bingane blir noko annleis og grindene må vera større. Det er i langt større grad enn for småfe nødvendig å tenkje på at ein til kvar tid skal ha kontroll på dyra. Utforminga på kvea må difor ikkje vera slik at dyra ser moglegheit for - eller har ein reell sjanse til - å kunne sleppe unna om dei skulle slå seg vrange.

I storfeskiljinga vil det vera mindre direkte kontakt med dyra enn med småfe. Difor må det i skiljedelen i ei storfekve vera heller smale drivegangar, spesielt ut til lasterampen. Det bør berre vera plass til eitt dyr i breidda. På den måten unngår ein at dyra kan snu seg, at andre dyr sprengjer seg fram om dei kjem til osv. Dette reduserer også sjansen for skader på anlegget. I gangen bør ein ha grinder for å kunne lage ein trong bingje der ein kan setje grime på dyret før opplasting.

6.9. KVEER FOR BEGGE DYRESLAG

I mange område finst det både storfe og sau. Dersom talet av baa slag er stort, vel ein til vanleg å bygge eit skiljeanlegg for kvart. Der det er få, er det aktuelt å bygge eit fellesanlegg der ein må ta mest omsyn til storfeet sitt behov med omsyn til dimensjonar. Ei løysing dersom talet på storfe er lågt, er å lage nokre storfebingar i ytterkanten av kvea.

6.10. FLYTTBARE KVEER

I beiteområde der sauene går spreidd og må sankast på fleire stader, kan det vera praktisk med ei flyttbar samlekve. Lette aluminiumsgrinder i standardlengder kan nyttast som byggesett, og det er lite arbeid med opp- og nedtaking.

6.11. MATERIALVAL OG DIMENSJONAR

Skiljedelen skal bestå av trematerialar. Eventuell netting i bingane bør forsterkast med bord; helst oppe, midt på og nede. All trematerial i skiljedelen og rampa skal vera impregnert eller treverk som er sett inn med måling eller beis.

I kveer for småfe er det i skiljedelen praktisk å nytte standard grinder, med og utan opning. Desse blir festa til stolpar - min. 8 cm - som eit byggesett.


Dimensjonar: 1,5-3,0 m lange og 1,10 m høge (+10 cm overstikkande stender) av 1" x 4" bord. Dersom kvea óg skal nyttast til storfe, må ein auke dimensjonen på stolpar (minimum 12 cm i utsette delar) og bord (1,5-2" x 5-6"), samt høgd på gjerdet/grindane (1,50 m).

Dersom ein har lange nok stolpar, kan det vera lurt å stive av ved å slå på bord på toppen av stolpane på tvers av drivegangane.

7. SANKEFELLER FOR SAU

7.1. GENERELT

I mange sankelag inngår bruk av sankefeller som eit viktig hjelpemiddel i arbeidet med å få sauene heim att frå utmarksbeite. Det er sjeldan at sankefeller blir nytta til andre dyreslag enn sau. Når ein skal lage ei sankefelle, må ein ta mange omsyn, t.d. tal dyr i området, kva for raser som går der, terrenget der fella



skal ligge, om fella skal ligge inntil ei større samlekve m.m. Av dette følgjer at standardteikningar av sankefeller sjeldan høver utan vidare, og dei må dermed tilpassast dei lokale forholda og behova.

7.1.1. STORLEIK

Fella bør ikkje vera for lita, helst ikkje under 16 m². Storleiken og forma vil elles variere etter behovet for kapasitet, terrenget på staden m.m.

7.1.2. MATERIALE

Gjerdet i fella må vera av impregnert tre, gjerne grunder i standardlengder som blir festa til impregnerte stolpar.

7.1.3. PLASSERING

Fella bør om mogleg vera plassert inntil veg, slik at tilsynet og heimtransporten av dyra blir enklare. Ho kan med fordel plasserast inntil ei større sankekve eller ei seterkve der dyra har tilgang på beite og vatn. På den måten er ein ikkje dagleg avhengig av å hente eventuelle dyr i fella.

Arealet i og rundt fella vil bli utsett for sterk slitasje. For å redusere opptrakkinga av grunnen, bør fella plasserast på fast, tørt og helst hellande underlag. Der dette ikkje er mogleg og underlaget er dårleg drenert, bør ein leggja eit lag med pukkk eller stein i botnen for å drenere vekk vatn og dermed gjera moglegheita for søledanning og spreining av smitte mindre.

7.2. SANKEFELLA SOM SALTEPLASS

Ein føresetnad for å få ei sankefelle til å fungere tilfredsstillande, er at ho blir nytta som salteplass i beitesesongen. Vanlegvis har beitedyra ikkje problem med å finne salteplassen, spesielt ikkje om ein tek dei med dit i samband med sleppinga om våren. Med fast tilgang på salt i fella vil dyra søkje attende dit med jamne mellomrom. På den måten venner dyra seg til å gå inn i fella. Når ho så blir sett i operativ stilling i samband med sankinga, vil ein stor del av beitedyra som til vanleg går i området, bli fanga inn i løpet av kort tid. Fellene er òg til stor hjelp når det gjeld å få tak i dei dyra som blir gåande att utover hausten.

Ledegjerde (sperregjerde) inn mot fella kan òg vera aktuelt. Ofte er det da snakk om eit provisorisk gjerde i samband med sankinga, i samband med at sankefellene i tillegg til sin vanlege funksjon òg kan nyttast som samlekveer.

Saltsteinautomaten bør plasserast sentralt i fella slik at flest mogleg har tilgang til han om gongen. I små feller som er sett i operativ stilling og ein ikkje har høve til å sjå etter kvar

dag, bør dyra til kvar tid ha tilgang på høy og vatn. Plasttønner med lokk og hol i sida er godt eigna til dette føremålet.

Saltet skal alltid plasserast opp frå bakken, og altså helst i ein saltsteinautomat.

7.3. ULIKE TYPAR AV SANKEFELLE

Alle dei tre fylgjande sankefellene kan enkelt knytast til ei større tilliggjande samleleve, som gjer at ein nødvendigvis ikkje treng å halde oppsyn med eller tømme fella kvar dag.

7.3.1. HOPP INN, HOPP UT

Dette er ein variant som passer i hellande terreng. Ein nyttar her mur eller hoppebrett både ut og inn av fella. Fella blir gjort operativ ved å stengje att opninga til uthoppet med ei grind.

7.3.2. HOPP/GÅ INN, GÅ UT

Dette er ei kombinasjonstype der både dei tunge og dei lette rasane får dekka sine ønsker når det gjeld inngangen til ei felle. I beitesesongen står grinda oppe, slik at dyra kan hoppe/gå inn og gå ut att etter behov. Fella blir gjort operativ ved at ein koplør til den automatiske lukkemekanismen (lodd, fjør) på grinda eller sett den skeivhengsla grinda på plass.

7.3.3. GÅ INN, GÅ UT

Denne felletypen har ei grind der dyra går inn og ei der dei går ut. Desse grindene er vektbelasta heile beitesesongen, og dyra får derfor god trening i å passere gjennom desse. Ei ulempe ved denne løysinga er at små lam kan ha problem med å følgje mora inn i fella. Dette kan ein løyse ved å sette opp ein stoppar, slik at opninga mellom grinda og gjerdet blir større enn normalt i første delen av beitesesongen. Fella blir gjort operativ ved at ein stengjer utgangsgrinda og nyttar normal ljosopning på inngangsgrinda.

7.4. INNGANG TIL SANKEFELLA

7.4.1. HOPPEBRETT ELLER MUR

Dette passer best i hellande terreng. Høgda på muren og høgda frå hoppebrettet og ned i fella må vera omlag lik høgda på gjerdet om ein skal hindre dyra i å hoppe opp att. At brettet stikk 20-30 cm inn i fella vil òg gjera dette vanskelegare. Korthala rasar likar betre å hoppe enn dei med langhala rasane.

Brettet bør vera 0,7 m breitt, og det bør ha sklisikring i form av tverrgåande spildrer, gummimatte eller liknande.

7.4.2. GRIND

Grinda bør plasserast slik at ho dannar ein spiss vinkel med det faste gjerdet. Dette vil gjera at sauene finn det naturleg å trengja seg inn der, samtidig som det blir umogleg å kome ut att.

Det må vera ljosopning på 10-15 cm i grindholet, slik at sauene ser inn i fella. I tillegg til dette kan ein skjera ut ein trekanta eller firkanta opning i sida på grinda, slik at opninga i høgde med hovudet blir større. På den måten fell det meir naturleg for dyra å trengje seg inn. Dette sistnemnde er spesielt viktig for dei lette sauerasane.

Grinda kan vera like høg som gjerdet elles, men kan òg vera lågare. Det vanlege ved

det siste høvet, som er det mest brukte, er at ein har eit fast bord over eller både over og under grinda. Dette gjer inngangspartiet med grinda stabilt, og det er dessutan heilt nødvendig om ein ønskjer å halde uønskt storfe ute av fella. Over- og eventuelt underbordet vil òg fungere som stoppar og regulerar av ljosopningen mellom grinda og gjerdet. Dersom dette ikkje blir nytta, må det lagast ein stoppar i overkant på grinda. Det aller enklaste i denne samanheng er om grinda dannar ein spiss vinkel med gjerdet, slik at ho stoppar mot dette.

Inne i fella bør det vera ein stolpe som hindrar grinda i å opne seg meir enn 60-70 cm. Til denne stolpen bind ein fast grinda i den tida dyra skal kunne passere fritt inn og ut.

7.5. LUKKEMEKANISME I SANKEFELLA

Grinda må gå att av seg sjølv. Den mest vanlege måten å løyse dette på, er å hengsle grinda skeivt på stolpen. Dermed blir det ein aukande opning mellom grinda og gjerdet ned mot bakken, noko som fører til at dyra finn det naturleg å trengje seg inn i fella. Grinda må ha ei viss tyngd for at det ikkje skal vera mogleg å presse seg ut att.

Ein annan måte å løyse dette på er å nytta ei fjør mellom grinda og gjerdet eller ei snor med lodd i enden gjennom ei trinse på gjerdet. Det er viktig at dette loddet ikkje er for tungt, sidan det vil kunne hindre ein del dyr i å passere grinda. Spesielt gjeld dette for dei lette sauerasane og for lam. 2- 4 kg er passeleg vekt. Loddet må dessutan gå mest mogleg fritt opp og ned, slik at ein unngår at det hengjer seg opp.

8. SALTEPLASS

8.1. GENERELT

Tilføring av salt til dyr på utmarksbeite har lange tradisjonar.

Dyra har eit fysiologisk behov for tilførsel av mineralar. Dette kan dei få frå saltstein, sjølv om det aller meste av dette behovet vert dekkja gjennom beitegraset, særskilt i kystnære område.

Bruken av salt har difor fyrst og fremst med at ein ønskjer å påverke dyra sin bruk av beiteområdet; ved å spreie dei utover, få dei til å halde seg i spesielle område mv.



8.1.1. PLASSERING OG TILVENJING

Saltet må plasserast der ein ønskjer at dyra skal gå. Difor bør ein unngå salting i nærleiken av bilveggar, turiststigar, hyttefelt, nyare plantefelt, i yttergrensa av beiteområdet m.m.

Sjølv om dyra finn raskt fram til salteplassen på eiga hand, kan det vera ein fordel å føre dyra dit ved slepping. Spesielt gjeld dette ved slepping av nye flokkar.

I område med store høgdeforskjellar, blir salt ofte nytta for å få dyra til å trekke oppover i starten av beitesongen og nedover att mot slutten.

8.1.2. TAL SALTEPLASSAR

Dette må tilpassast forholda i kvart område. Mange salteplassar fører til ei langt betre spreining av dyra, noko som gir ei meir effektiv utnytting av beiteområdet. Større kostnader med innkjøp av automatar og oppsetting av desse, samt meir arbeid med tilsyn og etterfylling, er minussida av dette. Få salteplassar kan lett føre til større konsentrasjon av dyra, større smittepress og større slitasje på vegetasjon i nærområda.

8.2. SALTSTEINAUTOMAT

Salteplassen skal idéelt sett ligge på steingrunn som er hellande. På den måten unngår ein opptrakkning, erosjon og søledanning med fare for auka smittepress.

For å redusere denne faren må saltet ikkje leggjast på bakken, men i ein automat som er festa i fjell/jordfast stein. På den måten reduserer ein òg forbruket av salt (opptil 25-50 % i nedbørrike område) ved at steinen står under tak, slik at regn ikkje tærer på han. Automatane fungerer som lager ved at dei blir fylte opp om vinteren, gjerne ved utkøyring med snøskuter. Dermed blir arbeidet med tilsyn og etterfylling redusert.


8.2.1. SKJERMING AV SALTSTEINAUTOMATEN

Dersom storfe, rein eller andre dyr i flokk går i det same området, fører dette ofte til større slitasje på automaten ved at dei pressar han over ende. Automaten bør difor sikrast, gjerne med ei inngjerding. Somme stader er det bygd eit enkelt tak på fire stolpar over saltsteinautomaten, med ei høgde på 0,8 m. Ulempa ved dette kan vera at sauene slår seg til der lengre enn det som er ønskjeleg ved at dei nyttar taket som ly for sol og regn.

9. DIVERSE INVESTERINGAR

9.1. RYDDING/UTBETRING AV DRIFTEVEGAR

Kostnaden vil sjølvsagt variere med kva som trengs av tiltak, men ved rein rydding av middels tett vegetasjon reknar ein kr 5-7 per meter (2012).



9.2. KØYREVEG

Det kan vera nødvendig å etablere køyreveggar fram til skiljeanlegg.

9.3. FØRINGSPRAM/-BÅT

I ein del område er det behov for transport på vatn for å frakta dyra til og frå beiteområdet.

9.4. SAMBANDSUTSTYR OG SIKRINGSRADIO

Slikt utstyr kan vera til stor nytte for beitebrukarane, både når det gjeld å betre effektiviteten i arbeidet og tryggleiken for den enkelte. Dette kan inkludera etablering/oppdatering av slike installasjonar som felles antenner eller såkalla gjennomsnakkstasjonar.

9.5. INFORMASJONSMATERIALE OG PLAKATAR TIL OPPSLAG I BEITEFELT

Dette er nødvendig verktøy for å gje informasjon til andre brukarar av utmarksområda. Samstundes kan ein utnytte observasjonsevna til desse ekstra «tilsynsmannskapa» gjennom å få tilbakemeldingar om sjuke, skadde eller dyr som vert gåande att om hausten.